Luster Sparebank

# Kvartalsrapport pr. 30.09.2023



## Innhold

Innhald ..... 2
Melding frå styret ..... 3
Resultat ..... 3
Balansen ..... 3
Misleghald, tapsnedskrivingar og tap ..... 4
Kapitaldekning ..... 4
Utsiktene for resten av året ..... 4
Resultatrekneskap, balanse og eigenkapital ..... 5
Resultatrekneskap ..... 5
Balanse ..... 6
Resultatanalyse ..... 7
Nøkkeltal ..... 8
Endring i eigenkapital ..... 9
Noteopplysningar ..... 10
Note 1 Rekneskapsprinsipp ..... 10
Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar ..... 10
Note 2 Utlån til kundar ..... 10
Note 3 Verdipapir ..... 13
Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring ..... 15
Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden ..... 16
Note 6 Kapitaldekning ..... 17

# Melding frå styret

## Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for tredje kvartal 2023 på kr 49,3 mill. Tilsvarande resultat på same tidspunkt i fjor var kr 30,1 mill. Det er i hovudsak auka rentenetto som er årsak til resultatforbetringa. Banken har pr. 30.09.2023 oppnådd ein rentenetto på kr. 74,3 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,18 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 55,6 mill., tilsvarande 1,69 % av gfk. Auke i rentenetto i kroner skuldas volumauke i utlån kombinert med betre rentemargin.

Netto andre driftsinntekter er på kr 31,3 mill. pr. 30.09.2023, ein auke på kr 12,8 mill. samanlikna med 30.09.2022. Luster Sparebank har plassert sin likviditet i rentefond. På grunn av høgare rentenivå er avkastninga på desse fonda høgare i pr 30.09.2023 enn i same periode i 2022. Dette blir i rekneskapen inkludert i posten verdiendring på finansielle instrument. Denne posten er kr 13,5 mill. høgare pr 30.09.2023 enn på same tidspunkt i 2022. Dette forklarer auken i netto andre driftsinntekter.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Det er fleire årsaker til dette. IT-kostnader er høgare enn i fjor, det har vorte kostnadsført tap som følgje av svindel, og formuesskatt har blitt kostnadsført med ein fast sum pr. månad i 2023. Tidlegare år har banken kostnadsført formuesskatten i samband med årsoppgjeret.

Kostnadsprosent pr 30.09.2023 er på 40,46 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 45,53 %. Reduksjonen i kostnadsprosent skuldas auke i rentenetto. Avkastning på rentefond er ført som verdiendring på finansielle instrument. Dersom ein tek omsyn til avkastning på rentefond ved utrekning av kostnadsprosent, kjem banken ut med ein kostnadsprosent på 35,68 % pr 30.09.2023.

Tap er kostnadsført med kr 3,5 mill. Kostnadsført tap på same tidspunkt i fjor var på kr 1,8 mill.

Resultat etter skatt for perioden er på kr 49,3 mill. Dette er kr 19,64 mill. betre enn på same tidspunkt i fjor. Årsaker er betring i rentenetto og høgare avkastning på verdipapir. Dette gir ein eigenkapitalavkastning pr 30.09.2023 på 9,83 %.

## Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2023 er på kr 4.554,3 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 148,9 mill. (3,38 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen, som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2023 på kr 5.292,9 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 168,2 mill. (3,28 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.618,5 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 68,8 mill. eller 1,85 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2023 overført kr 738,7 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 719,4 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 85,1 mill. eller 1,99 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.2023 er fordelt med 27,5 % til næringskundar og 72,5 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var tilsvarande fordeling 25,4 % til næringskundar % og 74,6 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. Innskot frå kundar er bokført med kr 3.454,6 mill. Veksten siste året er på kr 161,82 mill. eller 4,9 %. Banken sin innskotsdekning pr 30.09.2023 er på 95,47 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 146,4 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har utestående obligasjonslån for kr 210,9 mill.

## Misleghald, tapsnedskrivingar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjer kr 81,9 mill. kr. pr. 30.09.2023. Dette er ein auke med kr 21,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivingar har auke med kr 8,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2023.

## Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.09.2023 har banken ein ansvarleg kapital på kr 548,4 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.221,0 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 24,69 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2023 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 26,91 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 22,61 %, kjernekapitaldekning på 22,96 % og ei kapitaldekning på 23,42 %.

## Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat ved utgangen av tredje kvartal 2023. Banken sin finansielle stilling er god. Dei økonomiske utsiktene frametter er usikre. Høg prisvekst kombinert med eit høgare rentenivå og utsikter til lågare økonomisk vekst kan bidra til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne. Det vert viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen. Eit høgare rentenivå bidreg samstundes til høgare renteinntekter for banken. Konkurransen om kundane er likevel stor. Det er såleis viktig å halda fram med å ha god kontroll på kostnadane for framleis å kunne levera konkurransedyktige tenester. Ytterlegare vekst i sal av forsikrings- og spareprodukt vil bidra til å auka inntektsgrunnlaget frå andre produkt og byggja vidare opp under banken som ein heilskapleg tilbydar av finansielle tenester.

Luster Sparebank skal vera ein god og løysingsorientert medspelar som bidreg til at både eksisterande og nye kundar kjenner økonomisk tryggleik og kan realisera sine draumar i tråd med banken sin visjon - «Saman når me måla dine!».

**Gaupne, 27.10.2023**

**I styret for Luster Sparebank**

| | | |
|---|---|---|
| Svein Ove Slinde<br>Styreleiar | Ove Nyland | Siri Johanne Solberg Dalehaug |
| Anette Stegegjerdet Norberg | Evelyn Bukve Gunnestad | Jermund Lien Molland<br>Banksjef |

# Resultatrekneskap, balanse og eigenkapital

## RESULTATREKNESKAP

| (Tal i heile 1.000) | Note | 30.09.2023 | 30.09.2022 | 3.kv. 2023 | 3.kv. 2022 | 31.12.2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter og liknande inntekter | | 145.650 | 80.668 | 54.149 | 30.537 | 120.318 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | | 71.356 | 25.102 | 27.572 | 10.369 | 41.401 |
| **Netto renteinntekter** | | **74.294** | **55.566** | **26.577** | **20.168** | **78.917** |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | | 11.781 | 11.536 | 3.806 | 4.040 | 16.826 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | | -1.586 | -1.470 | -612 | -498 | -1.864 |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | | 5.513 | 6.064 | 52 | 64 | 7.312 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument | | 15.589 | 2.341 | 8.892 | 2.721 | 8.594 |
| Andre driftsinntekter | | 0 | 31 | 0 | 2 | 91 |
| **Netto andre driftsinntekter** | | **31.297** | **18.502** | **12.138** | **6.329** | **30.959** |
| Løn og andre personalkostnader | | 16.670 | 16.669 | 6.435 | 6.533 | 23.589 |
| Andre driftskostnader | | 19.243 | 15.400 | 6.213 | 5.361 | 23.017 |
| Ordinære avskrivningar | | 499 | 587 | 148 | 182 | 762 |
| **Sum driftskostnader** | | **36.412** | **32.656** | **12.796** | **12.076** | **47.368** |
| **Tap på utlån, garantiar o.l.** | **2** | **3.477** | **1.800** | **1.968** | **1.016** | **4.719** |
| **Resultat før skatt frå vidareført verksemd** | | **65.702** | **39.612** | **23.951** | **13.405** | **57.789** |
| **Skattekostnad** | | **16.405** | **9.903** | **5.967** | **3.351** | **11.857** |
| **Resultat før andre inntekter og kostnader** | | **49.297** | **29.709** | **17.984** | **10.054** | **45.932** |
| **Utvida resultat** | | | | | | |
| Andre inntekter og kostnader | | 0 | 355 | -41 | 24 | 1965 |
| **Totaltresultat** | | **49.297** | **30.064** | **17.943** | **10.078** | **47.897** |

## BALANSE

**(Tal i heile 1.000)**

| **EIGENDELER** | **Note** | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|---|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | | 75.018 | 73.278 | 73.671 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak | | 289.436 | 177.141 | 247.356 |
| Utlån til og fordringar på kundar | 2 | 3.589.625 | 3.532.045 | 3.533.294 |
| Renteberande verdipapir | | 0 | 3.001 | 3.002 |
| Obligasjons- og pengemarknadsfond | 3 | 395.437 | 426.693 | 466.477 |
| Aksjar og grunnfondsbevis | 3 | 168.720 | 152.264 | 0 |
| Immaterielle eigendeler | | 0 | 0 | 0 |
| Varige driftsmidlar | | 7.148 | 7.690 | 7.515 |
| Eigendeler ved utsatt skatt | | 9.890 | 5.368 | 9.890 |
| Andre eigendeler | | 18.979 | 27.898 | 30.226 |
| **SUM EIGENDELER** | | **4.554.253** | **4.405.378** | **4.371.431** |

| **GJELD OG EIGENKAPITAL** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak | 5 | 146.382 | 145.657 | 146.009 |
| Innskot og andre innlån frå kundar | 4 | 3.454.589 | 3.292.811 | 3.249.602 |
| Gjeld stifta ved å utstede verdipapir | 5 | 210.931 | 290.709 | 281.172 |
| Anna gjeld | | 15.108 | 12.496 | 8.442 |
| Avsetningar | | 33.323 | 33.443 | 39.591 |
| **Sum gjeld** | | **3.860.333** | **3.775.116** | **3.724.816** |
| **Sum eigenkapital** | | **693.920** | **630.262** | **646.615** |
| **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | | **4.554.253** | **4.405.378** | **4.371.431** |
| **Garantiansvar** | | **40.431** | **33.296** | **48.411** |
| **Pantsetjingar** | | **253.086** | **243.958** | **247.432** |
| **Lån overført til Verd Boligkreditt AS** | | **738.663** | **719.369** | **791.503** |
| **Gjennomsnitleg forvaltningskapital** | | **4.556.328** | **4.394.312** | **4.388.013** |

## RESULTATANALYSE

| **(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)** | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 4,27 % | 2,45 % | 2,74 % |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 2,09 % | 0,76 % | 0,94 % |
| **Netto renteinntekter** | **2,18 %** | **1,69 %** | **1,80 %** |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 0,35 % | 0,35 % | 0,38 % |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | -0,05 % | -0,04 % | -0,04 % |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | 0,16 % | 0,18 % | 0,17 % |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument | 0,46 % | 0,07 % | 0,20 % |
| Andre driftsinntekter | 0,00 % | 0,00 % | 0,00 % |
| **Netto andre driftsinntekter** | **0,92 %** | **0,56 %** | **0,71 %** |
| | | | |
| Løn og andre personalkostnader | 0,49 % | 0,51 % | 0,54 % |
| Andre driftskostnader | 0,56 % | 0,47 % | 0,52 % |
| Ordinære avskrivningar | 0,01 % | 0,02 % | 0,02 % |
| **Sum driftskostnader før tap på utlån** | **1,07 %** | **0,99 %** | **1,08 %** |
| | | | |
| **Tap på utlån, garantiar o.l.** | 0,10 % | 0,05 % | 0,11 % |
| | | | |
| **Driftsresultat før skatt** | **1,93 %** | **1,21 %** | **1,32 %** |
| | | | |
| **Skattekostnad** | **0,48 %** | **0,30 %** | **0,27 %** |
| | | | |
| **Resultat etter skatt** | **1,45 %** | **0,90 %** | **1,05 %** |
| | | | |
| **Utvida resultat** | | | |
| Andre inntekter og kostnader | 0,00 % | 0,01 % | 0,04 % |
| **Totaltresultat** | **1,45 %** | **0,91 %** | **1,09 %** |

| **NØKKELTAL** | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| **Rentabilitet og effektivitet** | | | |
| Eigenkapitalrentabilitet etter skatt | 9,83 % | 6,42 % | 7,36 % |
| Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir | 40,46 % | 45,53 % | 46,77 % |
| Kostnadsprosent inkludert avkastning på rentefond | 35,68 % | 46,71 % | 45,21 % |
| **Soliditet** | | | |
| Eigenkapital i % av forvaltningskapital | 15,24 % | 14,31 % | 14,79 % |
| Konsolidert rein kjernekapitaldekning | 22,61 % | 22,02 % | 24,16 % |
| Konsolidert kjernekapitaldekning | 22,96 % | 22,37 % | 24,46 % |
| Konsolidert kapitaldekning | 23,42 % | 22,93 % | 24,93 % |
| Konsolidert uvekta kjernekapital | 11,13 % | 10,78 % | 11,92 % |
| **Vekst siste 12 månader** | | | |
| Vekst i utlån på eigen balanse | 1,85 % | 4,46 % | 1,42 % |
| Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak | 1,99 % | 2,40 % | 2,70 % |
| Vekst i innskot | 4,91 % | 8,26 % | 5,42 % |
| Vekst i forvaltning | 3,38 % | 7,64 % | 2,33 % |
| Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak | 3,28 % | 5,37 % | 3,12% |
| **Likviditet** | | | |
| Innskotsdekning | 95,47 % | 92,69 % | 91,31 % |
| Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak | 79,29 % | 77,08 % | 74,70 % |
| LCR | 334,57 % | 124,55 % | 235,71 % |
| NSFR | 148,32 % | 145,97 % | 148,40 % |

## Endring i eigenkapital

**(Tal i heile 1.000)**

| | Udisponert resultat | Fond for urealiserte gevinstar | Bankens fond | Gåvefond | Sum eigen-kapital |
|---|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital pr. 31.12.2020** | **0** | **40.269** | **502.202** | **23.679** | **566.153** |
| Resultat før andre inntekter og kostnader | 0 | 0 | 40.847 | 0 | **40.847** |
| Andre inntekter og kostnader | 0 | 0 | -816 | 0 | **-816** |
| Avsetnad til gåver | 0 | 0 | -3.500 | 3.500 | **0** |
| Gåver utdelt av styret i 2021 | 0 | 0 | 0 | -4.172 | **-4.172** |
| **Eigenkapital pr. 31.12.2021** | **0** | **40.269** | **538.733** | **23.007** | **602.012** |
| Resultat før andre inntekter og kostnader | 0 | 0 | 45.932 | 0 | **45.932** |
| Poster ført over andre inntekter og kostnader | 0 | 0 | 1.965 | 0 | **1.965** |
| Avsetnad til gåver | 0 | 0 | -4.000 | 4.000 | **0** |
| Gåver utdelt av styret så langt i 2022 | 0 | 0 | 0 | -3.294 | **-3.294** |
| **Eigenkapital pr. 31.12.2022** | **0** | **40.269** | **582.630** | **23.713** | **646.615** |
| Resultat før andre inntekter og kostnader | 49.297 | 0 | 0 | 0 | **49.297** |
| Poster ført over andre inntekter og kostnader | 0 | 0 | 0 | 0 | **0** |
| Avsetnad til gåver | 0 | 0 | 0 | 0 | **0** |
| Gåver utdelt av styret så langt i 2023 | 0 | 0 | 0 | -1.991 | **-1.991** |
| **Eigenkapital pr. 30.09.2023** | **49.297** | **40.269** | **582.630** | **21.722** | **693.920** |

# Noteopplysningar

## NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap  er utarbeida i  samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak". Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

1. IFRS 13.  Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskrift § 7-3.
2. IFRS 15.113-128
3. IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkingar. Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap. Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

## Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sannsynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytt usikkerheit til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønnsmessige vurderingar.  I årsrekneskapen er  det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

## NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

**Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn**

| | Trinn 1 | Trinn 2 | Trinn 3 | Sum |
|---|---|---|---|---|
| **Inngåande balanse 01.01.2023** | **3.099.747** | **383.760** | **75.300** | **3.558.807** |
| Overført til trinn 1 | 145.273 | -140.555 | -4.718 | 0 |
| Overført til trinn 2 | -240.832 | 244.221 | -3.389 | 0 |
| Overført til trinn 3 | -11.205 | -10.682 | 21.887 | 0 |
| Netto endring | -116.109 | -10.844 | -3.134 | -130.087 |
| Nye lån | 798.660 | 36.926 | 2.386 | 837.972 |
| Frårekna lån | -579.088 | -61.730 | -7.400 | -648.218 |
| **Utgåande balanse 30.09.2023** | **3.096.446** | **441.096** | **80.932** | **3.618.475** |

| **Utlån til kundar fordelt på sektor og næring** | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Personkundar | 2.613.552 | 2.638.051 | 2.619.441 |
| Offentleg sektor | 8.890 | 11.252 | 9.987 |
| Finans og andre sektorar | 9.729 | 17.197 | 14.181 |
| **Næring** | | | |
| - Primærnæring | 156.558 | 145.446 | 145.450 |
| - Industri | 37.480 | 40.197 | 39.179 |
| - Kraftproduksjon | 31.292 | 32.604 | 31.913 |
| - Bygg og anlegg | 174.384 | 143.294 | 176.307 |
| - Handel | 47.520 | 48.327 | 47.275 |
| - Hotell og resturantdrift | 67.512 | 57.289 | 56.047 |
| - Transport | 28.383 | 28.672 | 27.868 |
| - Eigedomsdrift | 389.819 | 332.878 | 331.227 |
| - Andre tjenesteytande næringar | 51.546 | 55.682 | 58.175 |
| - Interesseorganisasjonar | 1.810 | 1.757 | 1.757 |
| **Sum utlån før nedskrivingar** | **3.618.475** | **3.552.646** | **3.558.807** |
| Trinn 1 nedskrivingar | -7.040 | -5.634 | -6.659 |
| Trinn 2 nedskrivingar | -3.659 | -3.346 | -3.946 |
| Trinn 3 nedskrivingar | -18.151 | -11.621 | -14.908 |
| **Sum utlån til og fordringar på kundar** | **3.589.625** | **3.532.045** | **3.533.294** |
| Overført til Verd Boligkreditt AS | 738.663 | 719.369 | 791.503 |
| **Totale utlån** | **4.328.288** | **4.251.414** | **4.324.797** |

## Kredittforringa engasjement

### Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

| | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Misleghald næringslivskundar | 56.660 | 16.874 | 35.792 |
| Misleghald personkundar | 6.253 | 2.273 | 1.351 |
| **Brutto misleghaldne engasjement** | **62.913** | **19.147** | **37.143** |
| Individuelle nedskrivingar (trinn 3) | -17.492 | -8.016 | -13.038 |
| **Netto misleghaldne engasjement** | **45.421** | **11.131** | **24.105** |

### Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

| | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement | 19.024 | 40.793 | 34.333 |
| Individuelle nedskrivingar (trinn 3) | -723 | -2.668 | -1.230 |
| Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement | **18.301** | **38.125** | **33.103** |

## Kreditt-tap på utlån, garantiar og unytta kredittrammer til kundar

| Nedskrivingar og avsetningar | Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. Tap | Trinn 2 Modellbasert livstid tap | Trinn 3 Modellbasert livstid tap | Trinn 3 Individuelt vurdert | Sum ned-skrivingar |
|---|---|---|---|---|---|
| **Inngåande balanse 01.01.2023** | **8.436** | **4.129** | **1.388** | **13.802** | **27.755** |
| Overføringar: | | | | | |
| Overført til trinn 1 | 1.998 | -1.889 | -109 | 0 | **0** |
| Overført til trinn 2 | -761 | 763 | -2 | 0 | **0** |
| Overført til trinn 3 | -27 | -299 | 326 | 0 | **0** |
| Netto endring | -1.625 | 771 | -541 | 3.611 | **2.216** |
| Nye tap | 2.412 | 501 | 18 | 0 | **2.931** |
| Fårekna tap | -1.753 | -432 | -90 | -188 | **-2.463** |
| Endring i risikomodell/parameter | 1 | 302 | 0 | 0 | **303** |
| Andre endringar | 0 | | 0 | 0 | **0** |
| **Utgåande balanse 30.09.2023** | **8.681** | **3.846** | **990** | **17.225** | **30.742** |
| Verdijustert over andre inntekter kostnader | 831 | 0 | 0 | 0 | **831** |
| **Sum nedskrivingar og avsetningar pr 30.09.2023** | **7.850** | **3.846** | **990** | **17.225** | **29.911** |
| Nedskrivingar på balansef. utlån til kundar | 7.040 | 3.659 | 926 | 17.225 | 28.850 |
| Avsetningar på garantiar og unytta kredittar til kundar | 810 | 187 | 64 | 0 | 1.061 |
| **Sum nedskrivingar/avsetningar 30.09.2023** | **7.850** | **3.846** | **990** | **17.225** | **29.911** |

| **Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar** | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 1 og 2 | -37 | -987 | 96 |
| Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 3 | 3.471 | -2.802 | 871 |
| Konstaterte tap med tidlegare nedskriving | 0 | 5.499 | 4.657 |
| Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivingar | 75 | 153 | 204 |
| Inngang på tidlegare konstaterte tap | -32 | -63 | -1.109 |
| **Sum resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar** | **3.477** | **1.800** | **4.719** |

## NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.03.2023 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

| Verdipapir pr 30.09.2023 | Antall | Verkeleg verdi (i heile 1000) | Verdsetjingshirarki Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Obligasjons og pengemarkedsfond** | | | | | |
| DNB Likviditet F | 32.428 | 33.469 | 33.469 | 0 | 0 |
| Holberg Likviditet | 354.085 | 37.103 | 37.103 | 0 | 0 |
| Odin Likviditet | 69.538 | 71.779 | 71.779 | 0 | 0 |
| DNB European Covered Bonds | 93.969 | 64.730 | 64.730 | 0 | 0 |
| DNB Global Treasury | 74.927 | 67.031 | 67.031 | 0 | 0 |
| Dnb OMF | 118.396 | 121.325 | 121.325 | 0 | 0 |
| **Sum obligasjons og pengemarknadsfond** | | **395.437** | **395.437** | **0** | **0** |
| **Aksjar og grunnfondsbevis** | | | | | |
| Balder Betaling AS | 210.423 | 6.451 | 0 | 0 | 6.451 |
| Brage Finans AS | 2.170.040 | 49.130 | 0 | 0 | 49.130 |
| DNB Bank ASA | 15.942 | 3.437 | 3.437 | 0 | 0 |
| Eiendomskreditt AS | 99.222 | 16.763 | 0 | 0 | 16.763 |
| Frende Holding AS | 36.312 | 20.061 | 0 | 0 | 20.061 |
| Gjensidige Forsikring ASA | 11.193 | 1.763 | 1.763 | 0 | 0 |
| Lerum Brygge AS | 4.000 | 2.000 | 0 | 0 | 2.000 |
| Luster Energiverk AS | 1.359 | 17.862 | 0 | 0 | 17.862 |
| Norne Securities AS | 117.095 | 505 | 0 | 0 | 505 |
| Verd Boligkreditt AS | 44.639 | 47.730 | 0 | 0 | 47.730 |
| Visa | | 930 | 0 | 0 | 930 |
| Kredittforeningen for Sparebanker | 460 | 557 | 0 | 0 | 557 |
| Sogn Sparebank | 7.600 | 1.147 | 1.147 | 0 | 0 |
| Andre aksjer | | 384 | 0 | 0 | 384 |
| **Sum aksjar og grunnfondsbevis** | | **168.720** | **6.347** | **0** | **162.374** |
| **Sum verdipapir** | | **564.157** | **401.784** | **0** | **162.374** |

| **Avstemming nivå 3** | |
|---|---|
| Inngåande balanse 01.01 | 159.131 |
| Realisert vinst/tap | 0 |
| Urealisert vinst/tap ført mot resultatet | 3.048 |
| Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat | 0 |
| Investering | 195 |
| Salg | 0 |
| **Utgåande balanse** | **162.374** |

## NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

| | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Lønstakarar | 2.499.393 | 2.359.616 | 2.368.491 |
| Offentleg sektor | 193.124 | 200.998 | 205.606 |
| Finans og andre sektorar | 91.100 | 89.215 | 86.592 |
| **Næring** | | | |
| - Primærnæring | 76.404 | 63.424 | 59.191 |
| - Industri | 26.010 | 22.586 | 21.716 |
| - Kraftproduksjon | 137.181 | 157.002 | 166.603 |
| - Bygg og anlegg | 128.151 | 111.998 | 120.949 |
| - Handel | 43.914 | 35.712 | 36.428 |
| - Hotell og resturantdrift | 46.444 | 55.067 | 31.531 |
| - Transport | 16.237 | 15.544 | 7.624 |
| - Eigedomsdrift | 89.415 | 94.226 | 63.996 |
| - Andre tjenesteytande næringar | 98.939 | 80.528 | 73.306 |
| - Interesseorganisasjonar | 8.278 | 6.895 | 7.569 |
| **Sum innskot** | **3.454.590** | **3.292.811** | **3.249.602** |

# NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

## Innlån frå kredittinstitusjonar

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

| | Opptak | Forfall | Margin | 30.09.2023 | 30.09.2022 | 31.12.2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kredittforeningen for Sparebanker | 22.01.2021 | 12.04.2024 | 0,43 % | 30.000 | 30.000 | 30.000 |
| Kredittforeningen for Sparebanker | 22.01.2021 | 12.04.2024 | 0,52 % | 50.000 | 50.000 | 50.000 |
| Kredittforeningen for Sparebanker | 17.06.2021 | 11.11.2024 | 0,48 % | 35.000 | 35.000 | 35.000 |
| Kredittforeningen for Sparebanker | 29.10.2021 | 03.02.2026 | 0,52 % | 30.000 | 30.000 | 30.000 |
| Sum gjeld til kredittinstitusjonar nominell verdi | | | | 145.000 | 145.000 | 145.000 |
| Påløpte renter | | | | 1.382 | 657 | 1.009 |
| **Sum gjeld til kredittinstitusjonar bokført verdi** | | | | **146.382** | **145.657** | **146.009** |

## Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Obligasjonar er prisa til 3M Nib + margin

| ISIN-nr | Opptak | Forfall | Margin | 30.09.2023 | 30.09.2022 | 31.12.2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| NO0010835333 | 01.11.2018 | 01.11.2022 | 0,72 % | 0 | 60.000 | 0 |
| NO0010873573 | 24.01.2023 | 24.08.2023 | 0,54 % | 0 | 70.000 | 70.000 |
| NO0011036766 | 25.06.2021 | 25.06.2025 | 0,53 % | 80.000 | 80.000 | 80.058 |
| NO0011150534 | 11.11.2021 | 11.11.2025 | 0,51 % | 70.000 | 70.000 | 70.508 |
| NO0010993033 | 04.05.2021 | 04.05.2026 | 0,61 % | 60.000 | 60.000 | 60.507 |
| | | | | | | |
| Obligasjonslån nominell verdi | | | | 210.000 | 340.000 | 281.073 |
| Tilbakekjøpte obligasjoner | | | | 0 | -50.000 | 0 |
| Påløpte renter | | | | 1.071 | 966 | 1.312 |
| Over/underkurs | | | | -140 | -257 | -1.213 |
| **Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir** | | | | **210.931** | **290.709** | **281.172** |

| **Endring i verdipapirgjeld** | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01 | 281.172 | 345.444 | 345.444 |
| Opptak av nye lån i perioden | 0 | 0 | 0 |
| Forfalte eller innløyste lån i perioden | -70.000 | -5.000 | -65.000 |
| Innbetaling pålydande eigne obligasjonar | 0 | 0 | 50.000 |
| Tilbakekjøp pålydnade eigne obligasjonar | 0 | -50.000 | -50.000 |
| Endring over/underkurs | -2 | -44 | 71 |
| Endring påløpte renter | -239 | 309 | 657 |
| **Bokført verdi av verdipapirgjeld ved utgang av perioden** | **210.931** | **290.709** | **281.172** |

# NOTE 6 KAPITALDEKNING

## Ansvarleg kapital og kapitaldekning

| | 30.09.2023 | 30.09.2022 | 31.12.2022 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital | 693.920 | 630.262 | 646.615 |
| - Frådrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert | -49.297 | -30.064 | 0 |
| - Frådrag | -96.265 | -82.529 | -93.235 |
| **Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)** | **548.358** | **517.669** | **553.379** |
| | | | |
| **Engasjementskategoriar (vekta beløp)** | | | |
| Statar og sentralbankar | 0 | 0 | 0 |
| Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar) | 1.786 | 2.258 | 2.005 |
| Offentleg eigde føretak | 0 | 0 | 0 |
| Institusjonar | 56.873 | 35.130 | 54.423 |
| Føretak | 53.488 | 43.023 | 64.889 |
| Massemarknad | 272.699 | 424.268 | 309.524 |
| Engasjement med pantetrygd i eigedom | 1.310.754 | 1.101.325 | 1.232.068 |
| Forfalte engasjementer | 77.497 | 103.989 | 83.173 |
| Høgrisiko-engasjement | 73.461 | 43.462 | 45.714 |
| Obligasjonar med fortrinnsrett | 0 | 0 | 0 |
| Institusjonar og føretak med kortsiktig rating | 0 | 0 | 0 |
| Andeler i verdipapirfond | 65.481 | 77.035 | 31.771 |
| Eigenkapitalposisjonar | 84.125 | 79.094 | 78.097 |
| Øvrige engasjement | 35.198 | 25.628 | 33.532 |
| **Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko** | **2.031.361** | **1.935.213** | **1.935.196** |
| | | | |
| **Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden** | **189.642** | **174.982** | **189.642** |
| | | | |
| **Sum berekningsgrunnlag** | **2.221.003** | **2.110.194** | **2.124.837** |
| | | | |
| Rein kjernekapitaldekning i prosent | 24,69 % | 24,53 % | 26,04 % |
| Kjernekapitaldekning i prosent | 24,69 % | 24,53 % | 26,04 % |
| Ansvarleg kapitaldekning i prosent | 24,69 % | 24,53 % | 26,04 % |
| Uvekta kjernekapital i prosent | 12,09 % | 11,55 % | 12,72 % |

## KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har eigarandel på 4,02 % i Verd Boligkreditt AS og 1,64 % i Brage Finans AS.

| | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Konsolidert rein kjernekapital | 637.435 | 588.473 | 633.899 |
| Konsolidert kjernekapital | 647.351 | 597.795 | 641.631 |
| Konsolidert ansvarleg kapital | 660.152 | 612.656 | 654.157 |
| **Konsolidert berekningsgrunnlag** | **2.818.909** | **2.671.945** | **2.623.533** |
| Konsolidert rein kjernekapitaldekning | 22,61 % | 22,02 % | 24,16 % |
| Konsolidert kjernekapitaldekning | 22,96 % | 22,37 % | 24,46 % |
| Konsolidert ansvarleg kapitaldekning | 23,42 % | 22,93 % | 24,93 % |
| Konsolidert uvekta kjernekapital | 11,13 % | 10,70 % | 11,92 % |

| **Banken sine kapitalkrav** | **30.09.2023** | **30.09.2022** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Minstekrav rein kjernekapital | 4,50 % | 4,50 % | 4,50 % |
| Bevaringsbuffer | 2,50 % | 2,50 % | 2,50 % |
| Systemrisikobuffer | 3,00 % | 3,00 % | 3,00 % |
| Motsyklisk buffer | 2,50 % | 1,50 % | 2,00 % |
| Krav til rein kjernekapital | 12,50 % | 11,00 % | 12,00 % |
| Krav til kjernekapitaldekning | 14,00 % | 13,00 % | 13,50 % |
| Krav til kapitaldekning | 16,00 % | 15,00 % | 15,50 % |
| Banken si vurdering av Pilar 2 krav | 2,10 % | 2,10 % | 2,10 % |

## Banken sine kapitalmål

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet. Banken har eit kapitalmål på 17,6 % for rein konsolidert kjernekapital per 31.12.2022. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 3 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå for 31.12.2023:

| | |
|---|---|
| Mål for rein kjernekapitaldekning | 17,6 % |
| Mål for kjernekapitaldekning | 19,1 % |
| Mål for kapitaldekning | 21,1 % |